

Ein kyrkjelyd med fleire gudstenestefellesskap?

Ei drøfting av forholdet mellom tradisjonell tenking omkring gudstenesta sin samlande funksjon i kyrkjelyden og nyare misjonar kyrkjeforståing



ARNE BERGE

arne.berge@kirken.no

1. Innleiing

Den norske kyrkja (DnK) har høgt medlemstal, men likevel låg gudstenestedeltaking. Statistikken viser at ca 80 % av innbyggjarane er medlemmer i DnK¹, mens 2-3 % av innbyggjarane deltar på gudsteneste i regi av DnK ein tilfeldig valt søndag². Slike tal utfordrar til ei grunnleggjande gjennomtenking av korleis gudstenestelivet i kyrkja fungerer. Med denne artikkelen ønskjer eg å setja søkjelyset på eitt av fleire viktige aspekt ved ei slik gjennomtenking.

Me kan i dag sjå ein tendens til at kyrkjelydar i DnK, i tillegg til fornying av hovudgudstenesta gjennom gudstenestereforma, prøvar seg fram med nye gudstenesteformer³. Nokre stadar har dette først og fremst ført til eit supplerande gudstenesteliv, for eksempel ved kveldsgudstenester og temagudstenester med ei anna form enn hovudgudstenestene i kyrkjelyden. Andre stadar har det blitt etablert eigne gudstenestefellesskap, for eksempel såkalla G2 ("gudsteneste nr 2"), innanfor ein eksisterande kyrkjelyd. Enda andre stadar har utprøvinga av nye

gudstenesteformer ført til etablering av såkalla profilkyrkjelydar som ikkje har ein formell status i strukturen i DnK.

Ein annan tendens er at det fleire stadar er starta såkalla områdekyrkjelydar i eit nærare definert (og gjerne nytt) bustadområde innanfor eit sokn. Gudstenestelivet som veks fram i slike fellesskap, har ikkje som hovudmål å prøva ut nye former, men å samla nye menneske gjennom lokalt baserte gudstenester. Likevel fører oftast det målretta arbeidet i områdekyrkjelydane, gjerne med barnefamiliar som primær målgruppe, til ei annleis og friare gudstenesteform enn den tradisjonelle.

Desse tendensane utfordrar eit tradisjonelt kyrkjeleg ideal om at gudstenesta søndag kl 11 skal vera felles for alle ulike grupper i kyrkjelyden, også for alle aldersgrupper. Tendensane har samanheng med ei misjonar nyorientering i ekklesiologien. Her blir det med styrke hevda at me i vår tid ikkje lenger har ein samlande kultur, og at kyrkja derfor, for å nå dagens menneske, bør gje opp tanken på ei samlande gudstenestefeiring. I staden bør me framelska

eit mangfald av ulike typar kyrkjelydar og kristne fellesskap for å kunna møta varierte behov og vera evangeliserande i ulike grupper i befolkninga.

Erkebiskop Rowan Williams i Church of England er ein sentral europeisk kyrkjeleiar som opnar for eit slikt mangfald:

If church is what happens when people encounter the Risen Jesus and commit themselves to sustaining and deepening that encounter in their encounter with each other, there is plenty of theological room for diversity of rhythm and style, so long as we have ways of identifying the same living Christ at the heart of every expression of Christian life in common. This immediately raises large questions about how different churches keep in contact and learn from each other, and about the kinds of leadership we need for this to happen. (Mission-shaped church: vii).

Eg arbeider til dagleg med kyrkjelydsutvikling i Stavanger bispedømme. Dette er eit arbeid som først og fremst har fokus på dei 91 etablerte sokna i bispedømmet. Men arbeidet med kyrkjelydsutvikling har også hatt eit vidare perspektiv; i vår del av landet har det gjennom fleire år har vore eit tydeleg engasjement med tanke på å danna nye gudstenestefeirande fellesskap innanfor desse sokna, ofte omtalt som kyrkjelydsplanting⁴. Dette er eit engasjement som dels har vore initiert ovanfrå, av biskop og bispedømmerråd, og dels nedanfrå, av lekfolk og tilsette i dei lokale kyrkjelydane.

Engasjementet som ligg bak dei nye gudstenestefellesskapa, har som nemnt oppstått med utgangspunkt i ein misjonal ekklesiologi. Denne kyrkjeforståinga legg vekt på at kyrkja ikkje bare bør definerast som eit fellesskap om Ord og sakrament; det er også sentralt at kyrkja har sin identitet i det nytestamentlege sendingsperspektivet. Kyrkja blir dermed grunngeven i *Guds sending* (Missio Dei). Dette perspektivet blir gjerne knytt konkret til uttrykket apostolisk⁵ i den nikenske truveidkjenninga (Hegstad 2009: 75; Hanssen 2007:85).

DnK definerer seg som ei misjonerande folkekyrkje⁶. I denne artikkelen arbeider eg ut frå føresetnaden at DnK ut frå ei misjonal kyrkjeforståing bør møta den låge gudstenestedeltakinga med større variasjon i gudstenestefeiringa. Dette kan blant anna skje ved at det blir danna nye gudstenestefellesskap, eventuelt

også nye kyrkjelydar. Det viser seg at slike etableringar ofte utfordrar den tradisjonelle tenkinga omkring gudstenesta sin samlande funksjon i ein kyrkjelyd. Eg vil derfor sjå nærare på saksfeltet ut frå problemstillinga: *Bør nye gudstenestefellesskap forståast som eigne kyrkjelydar eller som ein del av tilbodet i eksisterande kyrkjelydar?*

2. Ein flora av nye kyrkjelydsformer

Den misjonale kyrkjeforståinga har ført til at det har vakse fram mange nye former for fellesskap og kyrkjelydar innanfor DnK. I fleire av dei store byane og i delar av landet elles har me fått det som kanskje kan kallast ein flora av nyare kyrkjelydsformer. Eg nyttar her omgrepet *kyrkjelydsformer* i inklusiv tyding, både om nye kyrkjelydar og om det som etter mi meining heller bør forståast som nye gudstenestefellesskap innan ein kyrkjelyd. Det engelske uttrykket *emerging church*, "den kyrkja som veks fram", er i denne samanhengen eit interessant uttrykk.⁷

I samband med problemstillinga er det naturleg å undersøkje kva slags kyrkjelyd eit nytt gudstenestefellesskap eventuelt kan bli, dersom det ikkje skal vera ein del av tilbodet i ein eksisterande kyrkjelyd, og dersom det ikkje ligg naturleg til rette for å oppretta eit nytt sokn. Eg vil derfor sjå etter "det som veks fram" innan DnK av nye kyrkjelydsformer.

2.1 Impulsar frå The Church of England

Utviklinga av nye kyrkjelydsformer er ikkje eit særnorsk fenomen. Det som har vakse fram innanfor DnK, har derfor i stor grad kunna henta inspirasjon frå ein internasjonal samanheng. Kva er det som blir henta heim innanfor misjonal kyrkjetenking?

Sett frå min kant av landet, har det særleg vore ein sterk påverknad frå kyrkjelivet i England og USA. Mens dei som har henta inspirasjon frå USA, gjerne har sett på satsinga i store og veksande frittstående kyrkjelydar, har inspirasjonen frå The Church of England (CoE) mest dreidd seg om mangfaldet av nye initiativ i ein folkekyrkjeleg samanheng. Dette siste er særleg aktuelt i samband med problemstillinga i denne artikkelen.

CoE er kanskje den av dei etablerte europeiske folkekyrkjene som i vår tid har hatt den klarast registrerte tilbakegangen i medlemstal og gudstenestedeltaking. Samtidig har kyrkja gått inn i ein grunnleggjande debatt omkring konsekvensane av det ein oppfattar som ein ny kulturell situasjon. Det blir hevda at CoE gjennom ei misjonar nyorientering langt på veg har makta å snu den negative trenden (Hanssen 2004). Det var derfor interessant at DnK inviterte ein av dei mest framtrekande representantane for denne nyorienteringa, biskop Steven Croft, som foredragshaldar til Kyrkjemøtet 2009. Eg opplever at Croft gjennom sitt møte med den norske kyrkjeleinga, gav DnK viktige utfordringar omkring samspelet mellom eksisterande kyrkjelydar og nydanna fellesskap og kyrkjelydar.

Croft la for det første vekt på å skildra nyorienteringa som eit svar på Guds kall. Vidare poengterte han at det store mangfaldet av nye initiativ på grasrotnivå i CoE no er "stueraine" i kyrkja:

My purpose this morning is to describe to you something of what is happening across England as we engage in God's mission and how we are being reshaped by that engagement. [...] The most important thing I have to share with you is the story of the way in which the Church of England is attempting to respond to what we believe is the call of God by developing new forms of church for our changing culture. We are no longer marginalising such initiatives. We are not holding them at arms length. We are not resisting their growth and development. We are seeking to resource and encourage these ventures as an integral part of our common life (Croft 2009:1).

Croft framheva tankegangen bak omgrepet "a mixed-economy church"⁸, eit konstruktivt fellesskap og samspel mellom dei eksisterande geografiske kyrkjelydane og dei ulike nye fellesskapa i ei kyrkje.

However our society is changing in such a way that we can no longer reach the whole of society through one single form of church. We need to be one church but in a variety of expressions of church. That will mean growing a mixed-economy of existing congregations and fresh expressions of church (Croft 2009: 3).

Dette siste uttrykket, "fresh expressions of church", definerte Croft på denne måten:

A fresh expression is a form of church for our changing culture established primarily for the benefit of people who are not yet members of a church. It will come into being through principles of listening, service, incarnational mission and making disciples. It will have the potential to become a mature expression of church shaped by the gospel and the enduring marks of the church and for its cultural context (Croft 2009:2).

Ein viktig bakgrunn for Crofts foredrag var rapporten *Mission-shaped church: church planting and fresh expressions of church in a changing context* (MSC) som blei lagt fram for The General Synod i CoE i 2004. Rapporten oppsummerte ulike forsøksverksemd i CoE dei siste åra og la samtidig ein bevisst misjonar strategi for kyrkja for åra framover. MSC har gjeve denne misjonale nyorienteringa ein offisiell aksept i den engelske kyrkja, blant anna ved at erkebiskop Rowan Williams aktivt stilte seg bak konklusjonane, både i forordet i rapporten og under debatten i The General Synod.

2.2 Utvikling av nye gudstenestefellesskap på sørvestlandet

Den misjonale kyrkjeforståinga har slått rot også i Den norske kyrkja. Kyrkjemøtesaka KM 05/05 *En misjonerende kirke* og invitasjonen av Steven Croft til Kyrkjemøtet 2009 er tydelege teikn på at ei nyorientering er aktuell for breidda i DnK. Likevel er det nok slik at mange knyter denne tankegangen til vår landsdel her på sørvestlandet. Det er ikkje så underleg. Den misjonale tankegangen har lenge stått sterkt i kyrkjelivet her, og eg vil på denne bakgrunn peika på noko av det som har vakse fram her i distriktet. Det dreier seg både om eit offisielt kyrkjeleg engasjement hos Stavanger biskop og Stavanger bispedømmeråd, og om eit engasjement med utgangspunkt i Det Norske Misjonselskap (NMS) og Misjonshøgskolen (MHS). Eg begynner med det siste.

Ove Conrad Hanssen ved MHS presenterte den engelske rapporten MSC for eit norsk publikum allereie same året som han var lagt fram for The General Synod i CoE. Det gjorde han gjennom artikkelen *Fra vedlikehold til misjon. Noen perspektiv på menighetsfornyelse og menighetsutvikling i England*. Han framheva tre hovudperspektiv i rapporten:

1) Ein radikal gjennomtenking av ekklesiologi der misjonsdimensjonen blir trekt inn i sjølve forståinga av å vera kyrkje.

2) Ei erkjening av at kyrkja sitt oppdrag også i England dreier seg om "cross-cultural mission" og kontekstualisering.

3) Vektlegging av behovet for eit stort mangfald av ulike kyrkjelydar ved at dei geografiske kyrkjelydane blir supplert av "fresh expressions of church".

Vidare trakk Hanssen fram ei rekkje område der han meinte rapporten ville kunne stimulera debatten om kyrkjelydsfornyng og -utvikling i Noreg. Han nemner som ei hovudutfordring for DnK å "kunne tillate mer av den fleksibilitet og akseptasjon av variasjon og ulikheter i gudstjeneste- og menighetslivet som i stadig større utstrekning preger CoE" (Hanssen 2004: 29).

NMS har dei siste ti åra vore ein viktig aktør gjennom etableringa av *Nettverk for menighetsplanting og menighetsutvikling* (NMS-nettverket). I ei oppsummerande artikkel forklarar organisasjonen engasjementet sitt slik:

Valget om å satse personell, ressurser og bygge kompetanse på menighetsutvikling i Norge har vært en naturlig konsekvens av NMS-visjonen: En levende, handlende og misjonerende kirke i alle land. Og en todelt erkjennelse: Kirken i Norge står overfor like store misjonsutfordringer som mange av våre andre samarbeidskirker, men det får forunderlig lite nedslag i arbeidsformer og strategi. Det ville gi NMS et troverdighetsproblem om vi overså dette (Bakke 2010).

Men engasjementet på sørvestlandet er ikkje bare knytt til NMS og MHS. Heilt frå biskop Bjørn Bue si tid som biskop i Stavanger (1986–1997) har det i Stavanger bispedømme vore arbeidd med kyrkjelydsplanting og nytenking omkring forholdet mellom det etablerte og det nyskapande kyrkjelivet. I åra som har gått sidan Bue si tid, har det vakse fram ei rekkje nye kyrkjelydar i bispedømmet, først og fremst i Stavanger, Sandnes og på Jæren. Då NMS-nettverket var i startgropa, skjedde det nettopp i eit samarbeid med DnK ved at biskopen og misjonsorganisasjonen i 1999 saman inviterte kyrkjelydane i Jæren prosti til samarbeid om kyrkjelydsplanting i folkekyrkja (Stangeland 2008:129 note 2).

Stavanger bispedømmeråd har dei seinare åra gjort eit arbeid med å tenkja gjennom kva me faktisk nå har, og kva me bør utvikla vidare av ulike typar kyrkjelydar i DnK gjennom utgreiinga *Menighetsutvikling i Stavanger bispedømme* (2005), som blei utarbeidd av ei breitt samansett arbeidsgruppe. Det kyrkjerettslege perspektivet ved dette arbeidet er nærare skildra i Gunnar Rønnestads artikkel *Etablering av nye menigheter i Den norske kirke* (2010). Vidare har Stavanger bispedømmeråd i samarbeid med Kyrkerådet arrangert konferansen *Fremtidens kirke – med flere menighetstyper?* (2009).

I 2005 blei Kyrkelova endra slik at lova gav heimel for forsøk med valkyrkjelydar som sjølv finansierer verksemda si⁹. Bakgrunnen var verksemda i det som då heitte Lundehaugen kyrkjelyd i Sandnes prosti (frå 2006: ByMenigheten – Sandnes). I prosessen fram mot lovendinga tematiserte Bispemøtet saka gjennom *BM 01/05 Forsøk med alternative menighetsdannelser*. Bispemøtet uttalte seg i denne saka positivt til at det blei samla erfaringar "som kan legges til grunn for arbeidet med den fremtidige menighetsstruktur". Bispemøtet fann det likevel nødvendig å peika på tre grunnleggjande vilkår som "må oppfylles dersom forsøk med alternative menighetsdannelser skal ha sin plass innenfor rammen av Den norske kirke": 1) medlemskap basert på dåp, 2) bruk av ordinert presteneste og 3) biskopens tilsyn med kyrkjelyden.

Parallelt med arbeidet med lovending og regelverk for forsøksverksemd med valkyrkjelydar arbeidd Stavanger bispedømmeråd med utgreiinga *Menighetsutvikling i Stavanger bispedømme*. Her blir det drøfta ei rekkje nye former for kyrkjelydar, og det blir særleg lagt vekt på omgrepa *områdekyrkjelyd*, *profilkyrkjelyd* og *personkyrkjelyd*. Dette siste omgrepet er seinare, i samsvar med ordbruken i kyrkelova, erstatta av omgrepet *valkyrkjelyd*. I eit innleiande deskriptivt avsnitt skriv arbeidsgruppa som utarbeidd utgreiinga:

De nye menighetsdannelsene som har vokst fram i Stavanger bispedømme, har ikke ensartede strukturer, arbeidsmåter eller uttrykksformer. Alle kalles i det daglige for menigheter, uavhengig av formelle eller teologiske vurderinger. Arbeidsgruppen tar ikke stilling til hvilke fellesskap som

kan kalles menigheter (Menighetsutvikling i Stavanger bispedømme:7).

Utgreiinga fortel likevel at Stavanger bispedømmeråd "har som målsetting at de nye menighetene skal få en formell, tydelig og enhetlig plass i Den norske kirkes lovverk og struktur" (Menighetsutvikling i Stavanger bispedømme:5). Det gis eksempel på nye kyrkjelydar i bispedømmet, og det blir vidare teikna opp modellar for korleis dei nye kyrkjelydane kan bli ein del av strukturen i DnK. Til slutt skildrar utgreiinga ein strategi og framgangsmåte for etablering av nye kyrkjelydar i DnK.

Utgreiinga konkluderer, etter å ha presisert at DnK skal vera ei folkekyrkje som er basert på soknestruturen, blant anna med at det likevel er behov for strukturer som supplerer denne strukturen. Bispedømmerådet går altså inn for eit samspel som langt på veg samsvarar med den engelske tankegangen i uttrykket *the mixed-economy church*. Vidare blir det framheva at misjonsmotivasjonen er ein sterk faktor i arbeidet med å oppretta nye kyrkjelydar "Gjennom etablering av nye menigheter kan Den norske kirke nå enda flere mennesker med evangeliet." (Menighetsutvikling i Stavanger bispedømme:58)

2.3 Nye kyrkjelydsformer innanfor strukturen i DnK

Stavanger bispedømmeråd si utgreiing nytta ein del omgrep som seinare har fått eit visst fotfeste utover vår landsdel. Men språkbruken på dette området er foreløpig i støypeskeia. Eg vil her presentera nokre av dei sentrale omgrepa som foreløpig blir brukt når nye gudstenestefellesskap blir omtalt som nye kyrkjelydar.

Rønnestad peikar i sin kyrkjerettslege gjennomgang på at kyrkelova av 1996, ved å avvika ordninga med kapelldistrikt og "småkirke"-kyrkjelydar, har strama inn høvet til etablering av nye kyrkjelydar med heimel i det kyrkjelege regelverket (Rønnestad 2010:14). Etter ein presentasjon av det som har vakse fram av nye kyrkjelydsformer innan soknestruturen, viser han så at denne framveksten likevel kan gjevast eit kyrkjerettsleg grunnlag i dagens regelverk ved at ein nyttar ordninga med utval under sokneråda. Rønnestad nyttar uttrykka frå

Stavanger bispedømme si utgreiing og skriv om etablering av områdekyrkjelydar, profilkyrkjelydar og valkyrkjelydar. Desse omgrepa blir skildra som meir avgrensa kyrkjelydsformer i kontrast til "soknekyrkjelyden"¹⁰.

Ein *områdekyrkjelyd* har fått i oppdrag av soknerådet å utføra kyrkjelydsarbeid for eit bestemt område i soknet. Områdekyrkjelydane manglar kyrkjebygg, men legg stor vekt på å byggja opp eit nytt gudstenestefellesskap, gjerne på ein skule eller eit anna offentleg forsamlingslokale. Rønnestad skriv:

Begrunnelsen for etablering av områdemenigheter er først og fremst et ønske om å etablere et lokalt menighetsarbeid for nye områder. Flere av områdemenighetene har som siktemål at de skal bli soknemenighet når vilkåret om godkjent kirkebygg blir innfridd. Andre områdemenigheter har en størrelse eller virksomhet som neppe vil gi grunnlag for en omgjøring til soknemenighet. Områdemenigheter kan således være både en midlertidig og en permanent ordning." (Rønnestad 2010:17)

Nokre områdekyrkjelydar er etter ei tid tatt inn i soknestruturen i DnK, f.eks. Bogafjell i Sandnes prosti. Denne kyrkjelyden er eit eksempel på at den tydelege misjonale profilen er tatt vare på også etter at kyrkjelyden har blitt eit "vanleg" sokn. Kyrkjelyden har som målsetting "å være en misjonerende menighet som vokser gjennom gudstjeneste, cellegrupper, tjeneste og omsorg."¹¹

Det finst også eksempel på andre omgrep som er i bruk, for eksempel *lokalkyrkjelyd*¹². Eg kan likevel ikkje sjå at dette omgrepet uttrykkjer noko anna enn det meir etablerte områdekyrkjelyd.

Ein *profilkyrkjelyd* har fått i oppdrag av soknerådet å utføra kyrkjelydsarbeid med ein bestemt profil for heile soknet. Profilen kan definerast i forhold til målgruppe, strategi eller arbeidsmåte og er då annleis eller meir spesifikk enn den profilen soknekyrkjelyden har.

Bærland kyrkjelyd i Ålgård sokn i Jæren prosti har i ei tid vore kalla profilkyrkjelyd. Ålgård kan tena som eit eksempel på ein stad der det har vore etablert nye kyrkjelydar innanfor soknet. Kyrkjelydane har gjennom dei siste ti åra vore i ein prosess der ein har vore opptatt av sjølvforståinga si, og det kan derfor vera av

spesiell interesse å sjå nærare på den utviklinga som har skjedd her¹³. Tettstaden Ålgård er kommunesentrum i Gjesdal kommune. Soknet har ca. 6.300 medlemmar. Ålgård kyrkje er bygd i 1917 og har ca. 250 sitjeplassar. Det er konkrete planar for å byggja ny kyrkje sentralt i tettstaden. Det er også eit moderne bedehus med omfattande aktivitet i sentrum av Ålgård. I tillegg er der to frikyrkjer. Tettstaden har dei siste åra opplevd sterk vekst i befolkninga.

I 2001 blei Bærland kyrkjelyd starta som ein *områdekyrkjelyd* for ein av skulekretsane innanfor Ålgård sokn. Denne etablering hadde bakgrunn i det tidlegare nemnte brevet frå Stavanger biskop og NMS, og kyrkjelyden har heilt frå starten vore ein del av NMS-nettverket. Kyrkjelyden har ein tydeleg familieprofil, og utviklinga blei slik at mange av dei som deltok, budde utanfor det geografiske området som var utgangspunktet. Under ein visitas i 2004 peikte biskopen på at Bærland burde kunna flytta inn i det nye kyrkjebygget som då var under planlegging. Områdekyrkjelyden og soknerådet gjekk etter dette inn i ein prosess som førte til at Bærland kyrkjelyd fekk status som ein *profilkyrkjelyd* for heile soknet i 2006. Dette året blei det også starta opp ein *ungdomskyrkjelyd* for heile soknet, med utgangspunkt i dei tenåringane som hadde deltatt som barn i Bærland kyrkjelyd, samt fjorårets konfirmantar. På den måten seier ein nå at soknet består av tre kyrkje-lydar; soknekyrkjelyden, Bærland kyrkjelyd og ungdomskyrkjelyden (Stangeland 2008:13ff).

Arbeidet med ny kyrkje i Ålgård sokn har tatt lenger tid enn forventa. Prosessen har i 2011 kome langt, og det er nå klart at soknet ønskjer ei kyrkje som kan romma det kyrkjelege mangfaldet. Ålgård sokn vil, når den nye kyrkja er bygd, truleg framstå som éin kyrkjelyd med tre ulike gudstenestefellesskap.

Det som har skjedd i Ålgård sokn dei siste ti åra, er eit eksempel på utvikling av nye kyrkjelydar i ein norsk folkekyrkjeleg samanheng. Eksempelet viser oss at omgrepa områdekyrkjelyd og profilkyrkjelyd har fått ein viss gjennomslagskraft og blir aktivt brukt på lokalnivå i DnK. Det må leggjast til at dei fleste slike kyrkjelydar i Stavanger bispedømme definerer seg som ein områdekyrkjelyd som har ein annan profil enn

soknekyrkjelyden.

Studentkyrkjelydar og *migrantkyrkjelydar* er andre kyrkjelydsformer som kan vera aktuelle som nye fellesskap i eit misjonalt perspektiv. Eit sokneråd vil truleg kunne etablere slike kyrkjelydar som profilkyrkjelydar i soknet (Rønnestad 2010:18).

Ein *valkyrkjelyd* er ein kyrkjelyd som oppfyller visse kriterium fastsett i Kyrjelova § 24 og i retningslinjer fastsett av Kyrkjemøtet 2005. Det hittil einaste forsøket med valkyrkjelyd etter dette regelverket, er ByMenigheten–Sandnes som kan karakteriserast som ein profilkyrkjelyd for eit prosti.

ByMenigheten–Sandnes er frå 2006 etablert som eit formelt sokn i Sandnes prosti, og dette første ikkje-geografiske soknet i kyrkja blir gjerne omtalt som eit "personsokn" (Rønnestad 2010:17f). Samtidig med at kyrkjelyden blei eit nasjonalt godkjent forsøk, blei den gjort til gjenstand for evaluering. Forsøket skal evaluerast på Kyrkjemøtet 2011. Evalueringsrapporten *Valgmenighet – alternativ og supplement* frå 2009 konkluderer med å svara relativt positivt på spørsmålet "Bør det være rom for alternative, *ikke-geografiske* menigheter innenfor rammen av Den norske kirke?"

Erfaringene fra denne evalueringen er at spørsmålet kan besvares positivt gitt at: (i) Et alternativt tilbud treffer åndelige og sosiale behov og utløser et utadrettet kristent engasjement hos grupper av mennesker som er i tråd med kirkens grunnleggende visjon om en bekjennende, misjonerende, åpen og diakonal folkekirke. (ii) Engasjerte mennesker deltar og mobiliserer betydelig med ressurser for å arbeide med dette. (iii) Man holder seg innenfor sentrale rammer av kirkens konstitusjon (bekjennelse, medlemskap ved dåp, kirkelig demokrati, tilsyn av biskop etc.). (iv) En har fungerende dialog og samhandling med kirkens organer både lokalt og på bispedømmenivå (Haus og Nødland:72).

Eg vil foreløpig konkludere med at dersom eit nytt gudstenestefellesskap skal framstå som ein eigen kyrkjelyd, vil det truleg vera i form av ei av desse supplerande kyrkjelydsformene som er nemnt i dette avsnittet.

3. Sokn, kyrkjelyd og gudstenestefellesskap i DnK

Før eg går inn på dei nye gudstenestefellesskapa sitt forhold til dei etablerte kyrkjelydane, vil eg sjå nærare på kva som er den grunnleggjande

eininga i DnK og i den samanhengen drøfta forholdet mellom omgrepa *kyrkjelyd* og *sokn*.

3.1 Kyrkjelyd og sokn

Omgrepet *kyrkjelyd* er eit ord som i vår kyrkjelege samanheng blir brukt både om eit lokalt kristent fellesskap av menneske og om det geografiske området som desse menneska bur innanfor. Det tilsvarende ordet på bokmål er *menighet*. På bakgrunn av den geografiske bruken av ordet er det vanleg å seia at *kyrkjelyd* og *sokn* er to identiske omgrep i DnK. Dette er likevel ikkje heilt dekkjande. Det ser me av den språklege bakgrunnen for orda; mens *sokn* i utgangspunktet er ei sivil og territorial eining, er *kyrkjelyd* ei forsamling av menneske knytt til ei kyrkje og såleis eit bibelsk og teologisk uttrykk for eit fellesskap av kristne menneske. I NT blir ordet nytta som omsetjing av det greske ordet *ekklesia* når dette blir brukt på lokalnivå⁴. Kristian Hansson peiker på denne distinksjonen i sin kyrkjerett:

Den opprinnelige og grunnleggjande kirkelige enhet er menigheten. Kirkens funksjoner så vel som den enkeltes medlemsforhold er knyttet til dette lokalt avgrensede personsamfunn. Territorialt har menigheten fra gammel tid falt sammen med den sivile enhet sognet og omfatter alle kirkemedlemmer som bor i dette, derav ord som sognemenighet, sognekirke og lignende (Hansson 1957:35).

Me kan også merka oss at kyrkjelova i §2 definerer soknet som den grunnleggjande eininga i DnK, mens det frå ein teologisk synsvinkel ville vera meir naturleg å omtala *kyrkjelyden* som den grunnleggjande eininga. Kyrkjemøtet (KM) har kanskje hatt dette i tankane når ein sentral uttale frå KM 2004 presiserer kyrkjelova si formulering med å seia at soknet er den grunnleggjande *organisatoriske* eininga i kyrkja. I denne samanhengen uttalte også KM: "som hovedregel er kirkemedlemmene som bor i soknet, medlemmer i menigheten der" (Den norske kirkes identitet og oppdrag, pkt. 15). I mindre formelle samanhengar blir orda kyrkjelyd og sokn nytta om einannan som to identiske omgrep. Eg oppfattar det også slik at distinksjonen mellom omgrepa truleg er svekka av nyansane mellom nynorsk og bokmål, i og med ordet *sokneråd* (nynorsk) er synonymt

med *menighetsråd* (bokmål).

Gunnar Rønnestad foretar ein kyrkjerettsleg gjennomgang av omgrepa og oppsummerer med at "den kirkerettslige normalordningen i Den norske kirke er at sokn og menighet er sammenfallende størrelser", men peiker likevel på at det også er mogleg at kyrkjemedlemmane i eit sokn kan vera fordelt på fleire kyrkjelydar, og at fleire kyrkjelydar kan ha verksemd i eitt og same sokn (Rønnestad 2010:16).

Eg vel i det følgjande i hovudsak å nytta *kyrkjelyd* om det kristne fellesskapet som har utgangspunkt i ei gudstenestefeirande forsamling og *sokn* om dei geografiske einingane som DnK er delt inn i. Dette tydeleggjer blant anna at ein ved eventuell organisering av nye kyrkjelydar i DnK ikkje treng gå den lange og krevjande vegen om etablering av nye sokn⁵. Eg gjer likevel merk-sam på at dei to omgrepa i kyrkjeleg språkbruk er så tett vovne saman at det kan vera vanskeleg å gjennomføra ein distinksjon konsekvent.

3.2 Kyrkjelyd og gudstenestefellesskap

Eg har i problemstillinga antyda at det er mogleg å sjå nye gudstenestefellesskap som ein del av tilbodet i eksisterande kyrkjelydar. Eg vil derfor i det følgjande drøfta nokre spørsmål som i så fall vil vera aktuelle. *Kan* eigentleg ein kyrkjelyd ha fleire ulike gudstenestefellesskap? Og kan desse i så fall vera likestilte? Det viser seg at den misjonale kyrkjeforståinga her utfordrar kyrkja på eit så sentralt område som spørsmålet om gudstenesta sin samlande funksjon i kyrkjelyden.

Gudstenesta er hovudsamlinga i kyrkjelyden. Dette er ein grunnleggjande tankegang som er vanleg i DnK, og som er utgangspunkt for idealet om at gudstenesta søndag kl 11 skal vera felles for alle grupper i kyrkjelyden. Biskop Olav Skjevesland formulerer dette idealet slik:

Alle tråder i beskrivelsen av kirkens oppdrag løper sammen i gudstjenesten. Den er etter sin idé krystallisasjonspunktet for alt menighetens liv. Gudstjenesten er integrasjonsstedet for alle nådegaver (1 Kor 11,2–14,40), møteplassen for alle arbeidslag og grupper i menigheten (Skjevesland 1993:209).

Tankegangen om at gudstenesta er hovudsamlinga i kyrkjelyden, har solid rotfeste i teologien. I ein luthersk samanheng er det her

naturleg å peika på Confessio Augustana som omtalar kyrkja som ”forsamlinga av dei heilage, der evangeliet vert lært reint og sakramenta forvalta rett” (CA VII). I ein nyare ekklesiologi skriv Harald Hegstad at kyrkja er ”et fellesskap av menneske, som sames i Jesu navn, om Ordet og sakramentene” (Hegstad 2009:10). Det er nærliggjande å lesa dette som ei utsegn om gudstenesta som den konstituerande faktor i kyrkja.

Det kan likevel stillast spørsmål ved om det er ein nødvendig følge av denne tankegangen at det konstituerande gudstenestelivet må bestå av eit felles gudstenestefellesskap. Det kan tenkjast at den fragmenterte kulturelle situasjonen i vår tid gjer det til eit temmeleg urealistisk prosjekt å skulla halda på eit slikt ideal. Det kan også tenkjast at idealet, mot sin hensikt, *de facto* fører til stagnasjon i kyrkjelydane, ved at ei bestemt kulturell form får prioritet i gudstenestelivet.

Går me til det praktiske kyrkjelivet, vil me sjå at fleire kyrkjelydar i DnK allereie *har* eit mangfaldig gudstenesteliv som består av ulike gudstenestefeirande fellesskap. Hegstad omtalar dette i sin ekklesiologi:

I mange tilfeller vil det nemlig ikke være klart hvordan man skal skjelve mellom en menighet og et fellesskap av menigheter. Det gjelder for eksempel der en menighet i praksis består av ulike gudstjenestefeirande fellesskap. I noen menigheter feires det for eksempel gudstjeneste i ulike lokaler eller til ulike tidspunkt, gjerne med ulike grupper menneske til stede. Handler det da om én menighet som feirer ulike gudstjenester, eller handler det om ulike menigheter med en felles organisatorisk struktur? (Hegstad 2009, 193).

Hegstad skriv her at ein kyrkjelyd i *praksis* kan ha fleire ulike gudstenestefeirande fellesskap. Eg kan ikkje i ramma av dette arbeidet fullt ut vurdera om ein kyrkjelyd også i *teorien* kan ha fleire slike fellesskap, men eg vil hevda at det skulle vera mogleg å framheva gudstenestelivet sin sentrale plass i ein kyrkjelyd samtidig som ein aksepterer ein lausare samanheng mellom den *felles* og den *jamlege* gudstenestefeiringa. I så fall kan truleg den felles feiringa knytast til nokre få og store gudstjenester i året. Dette er ein tankegang det også er mogleg å lesa ut av Hegstads framstilling, sjølv om vekta i hans argumentasjon nok går i ei anna retning. Etter ei drøfting av forholdet mellom ”menighet og

gruppe” konkluderer han:

Det er imidlertid etter mitt skjønn viktig å understreke at det er den felles ”samling i Jesu navn”, gjerne sentrert om den felles nattverdfeiring, som er det sammenbindende element i en menighet, også der den består av mange mindre fellesskap. Det er derimot ikke naturlig å snakke om en menighet der man *ikke* har noen felles gudstjenestefeiring av en viss regelmessighet. [...] Der det i realiteten er flere gudstjenestefellesskap som lever side om side uten noen felles møtepunkt, er det – i teologisk forstand – mindre naturlig å snakke om én menighet (Hegstad 2009:195).

Tydinga av det konkrete møtepunktet der alle grupper i kyrkjelyden møtest til ei felles gudsteneste med felles nattverdfeiring, har her fått stor vekt. Vil det her vera mogleg å tenkja annleis og likevel ta vare på einskapen i kyrkjelyden? Eg ser for meg at ein kyrkjelyd under visse føresetnadar vil kunna ha fleire ulike gudstenestefellesskap med ulik profil og likevel vera ein kyrkjelyd. Ein slik tankegang kan utfaldast med å seia at kyrkjelyden er eit fellesskap av menneske i ulik alder og livssituasjon, og at det er naturleg å tenkja at dette fellesskapet er eit fellesskap ein kan tilhøyra heile livet, til tross for ulike behov i ulike fasar av livet. Ein kyrkjelyd vil, ut frå ein slik tankegang, kunna bestå av fleire ulike gudstenestefellesskap, og medlemmane vil kunna delta i desse litt ”på kryss og tvers”. Føresetnadane for at dette skal vera mogleg, *kan* ha med kyrkjelyden sin storleik å gjera. Men ikkje nødvendigvis; dette kan vera ein tematikk som kan vera aktuell også i mindre kyrkjelydar.

Eg vil her peika på tre føresetnadar som er grunnleggjande for at ein kyrkjelyd skal kunna ha fleire gudstenestefellesskap utan at dette verkar splittande.

Det er for det første viktig at tankegangen om fleire ulike gudstenestefellesskap i ein kyrkjelyd er basert på strategiske vedtak i den formelle leiinga i kyrkjelyden. Ofte, men ikkje alltid, er det også leiarane som har sett behovet og tatt initiativ til å etablere eit nytt gudstenestefellesskap som ein del av tilbodet i kyrkjelyden. Der som ei gruppe i kyrkjelyden eller enkeltpersonar som opptrer som uformelle leiarar, vil etablere eigne gudstenestefellesskap utan støtte i den formelle leiinga i kyrkjelyden, vil dette skapa vanskelege situasjonar som truleg vil føra til

splitting i kyrkjelyden.

Det er for det andre viktig at kyrkjelyden gjev god informasjon om dei strategiske vala som er gjort. Tydeleg og korrekt informasjon er grunnleggjande for å byggja gode relasjonar, også på tvers av dei ulike gudstenestefellesskapa. Informasjonen kan formidlast gjennom ulike kanalar. Eg vil her gje eit eksempel på ein slik informasjonstekst, henta frå heimesida til Vågsbygd kyrkjelyd i Kristiansand domprosti¹⁶.

Gudstjenesten er den samlingen i kirken vår som har den største spennvidden. Her kan den nyfødte og 100-åringen havne ved siden av hverandre. I gudstjenesten har Guds ord en sentral plass. Det blir lest, prekt over, og vi synger om Guds tanker om oss og våre tanker om ham. Vi ber, vi døper, og vi samles til nattverd.

Utvilsomt er det vanskelig å favne alle i én og samme gudstjeneste; derfor har vi også gudstjenester som er siket mot barnefamilier og ungdommer (særlig på fredagskvelder), nye gudstjenesteformer med ny musikk og annledes liturgi. Vi vil gjerne skape nye typer gudstjenester, så vi utfordrer gjerne deg – enten du bruker gudstjenestene vi har i dag, eller ikke – til å gi uttrykk for dine meninger og dine ønsker. Og vi understreker at til gudstjenestene i Vågsbygd er alle velkommen!

Det er for det tredje viktig at dei ulike gudstenestefellesskapa gjennom året har nokre fellesgudstjenester, eventuelt også andre former for felles møtepunkt. Dette kan for eksempel vera éi fellesgudstjeneste i kvartalet i tillegg til felles gudstenestefeiring i høgtider og (av praktiske grunnar) i ferieperiodar. Dette bør då vera reelle fellesgudstjenester der dei ulike gudstenestefellesskapa med sine ulike profilar får utfalda seg i eit samspel.

I nokre tilfelle vil behova i samfunnet best bli møtt ved at fleire kyrkjelydar etablerer eit nytt gudstenestefellesskap som eit felles prosjekt. Dette kan vera særleg aktuelt i forhold til ungdom som målgruppe. Dei nemnte føresetnadane vil vera viktige også i ein slik situasjon, men med ei anna vinkling på tenkinga omkring dei felles møtepunktka.

Der ein kyrkjelyd inviterer til ulike gudstenestefellesskap, er det naturleg å spørja om det framleis er éi gudstenesteform som utgjer *hovudgudstjenesta* i kyrkjelyden, for eksempel den tradisjonelle høgmessa eller ei anna gudstenesteform søndag førmiddag¹⁷. Eller sagt på

ein annan måte: Kan me tenkja oss at ein kyrkjelyd har fleire ulike og *likestilte* gudstenestefellesskap?

I internasjonal samanheng er det ikkje uvanleg å ha fleire likestilte gudstenestefellesskap i den same kyrkjelyden. Sjølv har eg blant anna møtt ei slik tenking i Dutch Reformed Church i Sør-Afrika der det er relativt vanleg at større kyrkjelydar har fleire gudstjenester med ulik profil ein vanleg søndag.

Eit norsk eksempel på dette, henta utanfor dei etablerte kyrkjelydane i DnK, er *Storsalen menighet* i Oslo, som gjennom fleire år har invitert til tre likestilte, men forskjellige, gudstenestefellesskap i løpet av ein søndag. Det er ikkje utenkjeleg at ein etablert kyrkjelyd i DnK vil kunne tenkja i same baner dersom ein for eksempel har etablert eit eige og regelmessig gudstenestefellesskap for barnefamilier, eventuelt for unge.

I denne samanheng kan det vera naturleg å drøfta omgrepet *ungdomskyrkjelyd* som nokre stadar blir brukt om eit fellesskap av unge sentrert om eit godt utbygd tilbod av ungdomsgudstjenester med sakramentforvaltning, gjerne med eigen tilsett ungdomsprest. Betyr overgangen frå å bruka omgrepet ungdomsarbeid til ungdomskyrkjelyd, at ein *faktisk* forstår ungdomsgudstjenestene og høgmessene som to likestilte gudstenestefellesskap? Gand kyrkjelyd i Sandnes prosti kan her tena som eit eksempel. Her har ein gjennom fleire år nytta omgrepet ungdomskyrkjelyd. Likevel viser det seg at i alle høve leiinga blant ungdomane er seg bevisst at denne ungdomskyrkjelyden er ein del av ein større kyrkjelyd¹⁸. Til tross for omgrepsbruken arbeider ein altså ikkje her ut frå ein tankegang som fullstendig likestiller dei ulike gudstenestefellesskapa.

Det er mogleg å tenkja seg at ein kyrkjelyd som har fleire gudstenestefellesskapa, vel å sjå desse som likeverdige. Det normale i DnK vil truleg likevel vera å tenkja seg at kyrkjelyden har éi hovudgudstjeneste i løpet av søndagen, og at eventuelle andre gudstenestefellesskap utgjer eitt eller fleire supplement til denne. Truleg vil også vegen inn i det me då kallar hovudgudstjenesta, for mange gå gjennom dei supplerande fellesskapa, for eksempel eit eige

gudstenestefellesskap for ungdom.

Eg vil konkludera med at gudstenesta *som fenomen* er hovudsamlinga i kyrkjelyden, men at den praktiske ekklesiologien viser at det jamlege gudstenestelivet ikkje *nødvendigvis* treng bestå av gudstenester som er felles for heile kyrkjelyden. Ein kyrkjelyd *kan* under visse føresetnadar ha fleire ulike gudstenestefellesskap. Dei viktigaste føresetnadane er at dette har støtte i den formelle leiinga i kyrkjelyden, at det blir gjeve god informasjon, og at dei ulike gudstenestefellesskapa har nokre felles møtepunkt gjennom året. Det er mogleg å tenkja seg at slike gudstenestefellesskap innan éin kyrkjelyd er likeverdige, men det normale i DnK vil vera å invitera til éi hovudgudsteneste og eventuelt ha supplerande gudstenestefellesskap i tillegg til denne. Det kan på denne bakgrunn vera rett å leggja noko mindre vekt på gudstenesta sin samlande funksjon i kyrkjelyden.

3.3 Kjenneteikn ved ein kyrkjelyd

Eg har drøfta korleis me skal forstå nye gudstenestefellesskap. Bør dei forståast som egne kyrkjelydar eller som ein del av tilbodet i eksisterande kyrkjelydar? Drøftinga har vist at begge forståingar er moglege, og at begge alternativ blir praktisert innan DnK. Me har sett at det i dag finst ei rekkje supplerande kyrkjelydsformer som blir omtalt som kyrkjelydar innanfor soknestrukturen i DnK. Samtidig har me sett at ein kyrkjelyd *kan* ha fleire gudstenestefellesskap og at det derfor ikkje er *nødvendig* at eit nytt gudstenestefellesskap blir forstått som ein ny kyrkjelyd.

I møte med dei mange nye kristne fellesskapa har ein innan CoE stilt spørsmålet om det finst nokon avgjerande kjenneteikn som må vera til stades for at eit nytt kristent fellesskap skal kunne forståast som ein kyrkjelyd. George Lings som deltok i arbeidet med MSC, har i denne samanheng leita etter kyrkja sitt "DNA" for å kunna svara på spørsmålet *How Can We Know that What is Emerging is 'Church'?*. Han poengterer at han ikkje skriv om kjenneteikn ved den universelle kyrkje, men nettopp er opptatt av "whether a particular localized expression bears sufficient marks of authenticity to be termed 'church' (Lings 2006:113).

Lings skisserer nokre grunnleggjande kjenneteikn ved ein kristen kyrkjelyd og hevder at desse dermed høyrer med om eit nytt fellesskap skal kunne forståast som ein kyrkjelyd¹⁹. Han peiker på følgjande: Ein kyrkjelyd kommuniserer Jesus Kristus gjennom sitt nærvere, sine ord og sine gjerningar, og vidarefører soleis hans misjon. Ein kyrkjelyd er eit forpliktande fellesskap som gjenspeglar einskapen i treininga, også i forholdet til den universelle kyrkja. Ein kyrkjelyd søkjer gjennom sitt gudstenesteliv, som også inkluderer dåp og nattverd, å bli prega av den heilage, treeinige Gud (Lings 2006:114; Hanssen 2007:86).

Dersom me samanliknar Lings kjenneteikn med CA si formulering "forsamlinga av dei heilage, der evangeliet vert lært reint og sakramenta forvalta rett", ser me at det har kome inn noko meir; ikkje minst har sendingsperspektivet i tråd med ein misjonale ekklesiologi blitt tydeleg.

Hegstad har ein annan innfallsvinkel til spørsmålet om det finst tydelege kjenneteikn som må vera til stades for å kunna forstå eit fellesskap som ein kyrkjelyd. Han drøftar spørsmålet om kyrkjeleg einskap på lokalplan i eit avsnitt om forholdet mellom *kyrkjelyd* og *gruppe* og konkluderer med at ei grenseoppgang på dette området verken er mogleg eller nødvendig.

Spørsmålet om hva som er menighet, grupper innen menigheten og andre former for fellesskap og nettverk, lar seg i mange tilfeller likevel ikke besvare eksakt. I mange tilfeller vil forholdet mellom smågrupper, menighet, nettverk på tvers av menigheter og fellesskapet av menigheter gli over i hverandre uten at det er klart hvor det ene slutter og det andre begynner. Til syvende og sist er dette heller ikke et spørsmål som *må* gis noe eksakt svar. Grunnen til det er at den enkelte menighet aldri er kirke alene, men alltid sammen med andre menigheter. Kirken er både det enkelte gudstjenestefeirende fellesskap og den universelle kirke som fellesskapet av menigheter (Hegstad 2009:195).

Med støtte i Hegstad vil eg svara på problemstillinga om korleis me bør forstå dei nye gudstenestefellesskapa ut frå ein relativt pragmatisk synsvinkel. Spørsmålet blir kva som er *tenleg* omgrepsbruk i samband med nye gudsteneste-

fellesskap. Bak problemstillinga ligg eit ønske om at DnK i størst mogleg grad skal lukkast i å vera ei misjonerande folkekyrkje.

3.4 Varsemnd med bruk av omgrepet kyrkjelyd

Eg har hittil nytta omgrepet kyrkjelyd om dei menneskelege fellesskapa som har utgangspunkt i ei gudstenestefeirande forsamling. Denne lite problematiserande ordbruken er kanskje det beste argument for å forstå eit nytt gudstenestefellesskap som ein kyrkjelyd. Vidare er det eit faktum at ordet kyrkjelyd (og kanskje i enda større grad bokmålordet *menighet*) reint språkleg er enkle å nytta og lett forståelege i forhold til det lokalsamfunn ein opererer i.

Det kan likevel vera gode grunnar for å vera tilbakehaldande med å bruka ordet om kristne fellesskap som ikkje er like komplekse og fullt utbygde som ein "vanleg" soknekyrkjelyd. Dette har vore ei vanleg haldning i DnK. Eg kjenner tankegangen frå eigen heimekyrkjelyd, Bryne i Jæren prosti, der eg tidlegare har vore kapellan og sokneprest. Soknerådet har, på bakgrunn av sterk folkevekst, starta "Rosselandsprosjektet" i den delen av byen som ligg lengst frå kyrkjebygget. Formålet er å "vera misjonar i å nå dei nye byggefelta i Bryne med eit relevant, nært og familieorientert arbeid". Eit viktig element i dette prosjektet, er (tilnærma) månadlege familiegudstenester på skulen i lokalmiljøet. Då prosjektet blei starta opp, valde soknerådet og staben å vera bevisst på *ikkje* å kalla dette ein kyrkjelyd, – prosjektet blei heller kalla eit *kyrkjelydsbyggjande arbeid*. Seinare har ein valt å omtala prosjektet som *Bryne kyrkjelyd sitt arbeid på Rosseland*. Kyrkjelyden sin strategiplan opnar likevel for at "prosjektet vil visa om arbeidet utviklar seg mest mot ein områdekyrkjelyd for Rosseland eller ein profilkyrkjelyd for heile Bryne" (Visjon og strategiplan:10). Her nyttar altså soknerådet bispedømmerådet sine ord for nye kyrkjelydsformer om den vidare utviklinga i prosjektet.

Eg vurderer det slik at me, ved å vera forsiktige med å nytta "for store ord" om eit nytt gudstenestefellesskap, kan bidra til at fellesskapet blir stabilt og samtidig fleksibelt. Ein slik språkbruk kan bidra til stabilitet fordi den ikkje

overbelastar eit nytt fellesskap med ei "tung" sjølvforståing som omfattar breidda av oppgåver i ein kyrkjelyd, for eksempel innanfor diakoni og trusopplæring. Slike oppgåver kan vera ivaretatt av den større kyrkjelyden som det nye gudstenestefellesskapet er ein del av. Samtidig kan ein slik språkbruk bidra til fleksibilitet *fordi den opnar for at noko kan fungera ei tid og deretter justerast i forhold til nye behov. Eit sokneråd kan til og med leggja ned eit gudstenestetilbod dersom situasjonen skulle tilseia det, utan å måtta leggja ned ein heil kyrkjelyd.

Det er på denne bakgrunn interessant å merka seg at NMS-nettverket nyleg har tatt i bruk uttrykket *misjonale fellesskap* "for å konkretisere en enklere type menighetsplantning der ei gruppe av mennesker går nye veier for å nå ut til mennesker som kirken ikke er i kontakt med i dag" (Stangeland 2010:8). Eg oppfattar dette som uttrykk for ei varsemnd med å nytta omgrepet kyrkjelyd der dette ordet kan bli "for stort".

Til tross for desse grunnane til å vera tilbakehaldne med bruken av ordet kyrkjelyd, vil det vera tilfelle der forholda ligg til rette for at ein alt ved etableringa av eit nytt gudstenestefellesskap bør forstå dette som "ein ny kyrkjelyd", og at ein då nyttar omgrep som for eksempel områdekyrkjelyd, profilkyrkjelyd eller valkyrkjelyd.

4. Konklusjon

Den norske kyrkja bør ut frå ei misjonar kyrkje-forståing møta den låge gudstenestedeltakinga med større variasjon i gudstenestefeiringa. Dette kan blant anna skje ved at det blir danna nye gudstenestefellesskap, eventuelt også nye kyrkjelydar. På bakgrunn av drøftinga konkluderer eg med at nye gudstenestefellesskap i utgangspunktet normalt bør forståast som ein del av tilbodet i eksisterande kyrkjelydar. Viktige føresetnadar for at ein kyrkjelyd skal kunna ha fleire gudstenestefellesskap, er at dette har støtte i den formelle leiinga i kyrkjelyden, at det blir gjeve god informasjon, og at dei ulike gudstenestefellesskapa har nokre felles møtepunkt gjennom året.

Ei anna sak er at slike fellesskap i mange

tilfelle etter ei tid vil kunna utvikla seg til å bli ein ny kyrkjelyd. Men det er eit anna spørsmål som når den tid kjem, best kan løysast lokalt i samråd med prost og biskop/bispedømmeråd.

Litteraturliste

- Bakke, Vidar Mæland. 2010. "Ti år med menighetsplanting og menighetsutvikling – et tilbakeblikk", [online] Tilgjengeleg: <http://www.nms.no/menighet> [13.08.2010].
- Brunvoll, Arve. 1970. *Vedkjenningskristene åt Den norske kyrkja*. Bergen/Oslo: Lunde.
- Croft, Steven. 2009. "The Mission of the Triune God Shaping Congregations Today, Working towards a Mission-shaped Church, foredrag på Kyrkjemøtet 2009: <http://www.kirken.no/?event=doLink&famID=98517> [06.08.2010].
- Den norske kirkes identitet og oppdrag, Kyrkjemøtesak 11/04: <http://www.kirken.no/?event=DoLink&NodeID=22399> [19.08.2010].
- Det nye testamentet. *Studieutgave*. 2008. Oslo: Det Norske Bibelselskap.
- En misjonerende kirke, Kyrkjemøtesak 05/05: <http://www.kirken.no/?event=DoLink&famID=6715> [27.09.2010].
- Forsøk med alternative menighetsdannelse, Bispemøtesak 01/05: <http://www.kirken.no/?event=DoLink&famID=6747> [31.08.2010].
- Hanssen, Ove Conrad. 2004. "Fra vedlikehold til misjon. Noen perspektiver på menighetsfornyelse og menighetsutvikling i England" i *Halvårsskrift for Praktisk Teologi* nr. 2/2004, side 26–35. Oslo: Luther forlag.
- Hanssen, Ove Conrad. 2007. *Et godt tre bærer god frukt*. Oslo: Luther forlag.
- Hansson, Kristian. 1957. *Norsk kirkerett*. Oslo: Aschehoug & Co.
- Haus, Sigurd og Nødland, Svein Ingve. 2009. *Valgmenighet – alternativ og supplement. Evaluering av ByMenigheten – Sandnes*. Rapport IRIS 2009/118. Stavanger: International Research Institute of Stavanger: [http://www.iris.no/internet/student.nsf/090b0673bdaba07ac12565fco0532538/dbf8d5871b4fe80ac125768f004e64ec/\\$FILE/IRIS%202009-118.pdf](http://www.iris.no/internet/student.nsf/090b0673bdaba07ac12565fco0532538/dbf8d5871b4fe80ac125768f004e64ec/$FILE/IRIS%202009-118.pdf) [31.08.2010].
- Hegstad, Harald. 2009. *Den virkelige kirke. Bidrag til ekklesiologien*. Trondheim: Tapir.
- Lings, George. 2006. Unravelling the DNA of Church: How Can We Know that What is Emerging is 'Church'? i *International Journal for the Study of the Christian Church*, vol. 1, 2006, side 104–116.
- Menighetsutvikling i Stavanger bispedømme. 2005. Stavanger bispedømmeråd: <http://www.kirken.no/stavanger/doc/Menighetsutvikling%20i%20Stavanger%20bispedomme.pdf> [19.08.2010].
- Mission-shaped church: church planting and fresh expressions of church in a changing context*. 2004. Report, The Church of England. London: Church House Publishing.
- Rønnestad, Gunnar. 2010. "Etablering av nye menigheter i Den norske kirke. Et kirkerettslig perspektiv" i *Halvårsskrift for Praktisk Teologi* nr. 1/2010, side 14–25. Oslo: Luther forlag.
- Skjevesland, Olav. 1993. *Huset av Levende Steiner*. Oslo: Verbum.
- Stangeland, Oddbjørn. 2008. *Edderkopp og sjøstjerne*. Oslo: Luther forlag.
- Stangeland, Oddbjørn. 2010. "Folkekirke langs nye veier": [KIRKE%20LANGS%20NYE%20VEIER%20-%20TTK%20Danmark.pdf \[13.08.2010\].](http://www.nms.no/getfile.php/NMS/11%20Menighet%20-%20subdomene/Artikler/FOLKE-</p>
</div>
<div data-bbox=)

Visitasforedrag, Gjesdal prestegjeld. 2004. Stavanger biskop.

Visjon og strategiplan. Bryne kyrkjelyd 2008-2011: <http://time-kyrkja.no/Kyrkjelydar/Bryne/Strategiplan/tabid/8273/Default.aspx> [31.08.2010].

Årbok for Den norske kirke 2010. Oslo: Kirkerådet.

Noter

- 1 Årbok for Den norske kirke 2010:97.
- 2 Hanssen 2004 oppgjev 2,2 % med tilvising til Winsnes i *Tallenes tale* 2004.
- 3 Artikkelen drøftar ikkje problemstillingar omkring nye forsamlingsdanningar i regi av dei lutherske organisasjonane som i større eller mindre grad arbeider innanfor Den norske kyrkja.
- 4 "Church planting is the process by which a seed of the life and message of Jesus embodied by a community of Christians is immersed for mission reasons in a particular cultural or geographic context. The intended consequence is that it roots there, coming to life as a new indigenous body of Christian disciples well suited to continue in mission." (Mission-shaped church:32).
- 5 Vårt ord apostolisk kjem frå det greske verbet *apostello* som betyr "å senda".
- 6 Sjå spesielt KM 05/05 *En misjonerende kirke* til denne delen av DnK si sjølvforståing.
- 7 Formulert av Robert Warren på 1990-talet og først brukt i bøkene *Building Missionary Congregations* (1995) og *Being Human, Being Church* (1995).
- 8 Uttrykket blei introdusert av Rowan Williams då han var erkebiskop i Wales i perioden 1999–2003.
- 9 Kyrkjelova § 24 blei endra slik at den nå inneheld formuleringa: "Kirkemøtet kan godkjenne forsøk med valgmenigheter som sjølv finansierer sin virksomhet. Nærere vilkår for enkelte forsøk fastsettes av Kirkemøtet." KM behandla saka i KM 09/05.
- 10 "En soknemenighet er å forstå som et menighetsfellesskap der alle kirkemedlemmer som bor innenfor et sokn, er tilhørende menighetsfellesskapet." (Rønnestad 2010: 17).
- 11 Bogaffell kyrkjelyd si nettside: <http://www.bogaffellmenighet.net/Bogaffell/Verdierogprioriteringer/tabid/5545/ctl/Details/mid/11493/ItemId/2362/language/nb-NO/Default.aspx> [30.08.2010].
- 12 Ganddalen kyrkjelyd i Gand sokn i Sandnes prosti presenterer seg på nettsida si som "en lokalmenighet med Jesus i sentrum": <http://www.sandnes.kirken.no/Hjem/tabid/6714/Default.aspx> [30.08.2010].
- 13 Stangeland 2008 er skreven med utgangspunkt i arbeidet i Bærland kyrkjelyd.
- 14 F.eks. i Tess 2,14. Det Norske Bibelselskap har i den nyaste omsetjinga av NT (2005) valt å nytta ordet *forsamling* ved denne tydinga av *ekklesia*, truleg helst av økumeniske omsyn. I DnK er kyrkjelyd framleis det naturlege uttrykket på nynorsk.
- 15 Forholdet mellom dei to omgrepa vil også vera viktig å få avklart i samband med eventuelle soknesamanslåingar. Dette er likevel ei problemstilling som ligg utanfor tema for denne artikkelen.
- 16 Tilgjengeleg 23.04.2011 på <http://vagsbygdmenighet.no/menighetsliv/gudstjenestene>.
- 17 Omgrepet "hovudgudsteneste" er sentralt i gudstenestereforma som er vedtatt i 2011. Reforma inneber at ein kyrkjelyd kan definera fleire typar hovudgudstenester, men legg ikkje opp til at ein kyrkjelyd skal ha meir enn éi hovudgudsteneste den same søndagen. Det blir likevel

opna for at ein kyrkjelyd kan definera fleire gudstenester enn dei som er forordna av biskopen, som hovudgudstenester.

- 18 Stadfesta i samtalar med noverande og tidlegare ungdomsprest i Gand, august 2010.
- 19 Lings skriv at dette ikkje er meint som kriterium i ein test som avgjer om eit nytt fellesskap held mål. Han tenkjer heller at kjenneteikna uttrykkjer ein lengsel, og at ein må vera raus og audmjuk når ein nyttar dei. Lings skriv om nye fellesskap, men kjem sjølv inn på at slike kriterium kan vera like utfordrande for eksisterande kyrkjelydar som for nye.

Samandrag

Artikkelen drøftar spørsmålsstillingar knytt til utviklinga av nye gudstenestefellesskap og kyrkjelydsformer innanfor Den norske kyrkja, med særleg vekt på utviklinga i Stavanger bispedømme dei siste 25 åra. Forfattaren tar utgangspunkt i ei misjonal kyrkjeforståing og føreset at Den norske kyrkja bør møta den låge gudstenestedeltakinga med større variasjon i gudstenestefeiringa. Han drøftar om nye gudstenestefellesskap bør forståast som eigne kyrkjelydar eller som ein del av tilbodet i eksisterande kyrkjelydar, og spør i samband med dette om ein kyrkjelyd *kan* ha fleire gudstenestefellesskap utan å vera splitta. Forfattaren hevdar at dette under visse føresetnadar er mogleg. Han hevdar vidare at det kan vera gode grunnar for varsemnd med bruken av ordet "kyrkjelyd" om nye gudstenestefellesskap. Artikkelen konkluderer derfor med at slike fellesskap i utgangspunktet normalt bør forståast som ein del av tilbodet i eksisterande kyrkjelydar.